



**SFE**

## **Sogn og Fjordane Energi AS**

### **Grunnprospekt**

Sogn og Fjordane Energi AS  
Sørstrandsvegen 227, 6823 Sandane  
Telefon:+ 47 57 88 47 00,  
[www.sfe.no](http://www.sfe.no)  
E-post: [post@sfe.no](mailto:post@sfe.no)

Sandane, 18. oktober 2021

### Viktig informasjon\*

Dett Grunnprospektet har utelukkande blitt utarbeida i samband med søknad om opptak av Låntakar sine obligasjonslån på Oslo Børs.

Dette Grunnprospektet er godkjent av Finanstilsynet 18. oktober 2021, som kompetent myndighet i henhold til Prospektforordning (EU) 2017/1129. Finanstilsynets godkjenning skal ikkje betraktast som ei godkjenning av sjølve utstedaren av dette Grunnprospektet. Grunnprospektet er gyldig i 12 månader etter godkjenning. Prospekt vil i denne perioden kunne utgjera av Grunnprospektet saman med nye Endelege Vilkår for kvart nytt verdipapir som angitt i EU si Prospektforordning 2017/1129, som blir utsteda. Ny informasjon av vesentleg betydning for Selskapet, Selskapet sine dotterselskap eller for Grunnprospektet sine generelle vilkår og betingelsar kan bli kjent etter offentliggjerjing av Grunnprospektet, men før notering av verdipapir som angitt i EU si Prospektforordning 2017/1129. Slik informasjon vil bli publisert som eit tillegg til Grunnprospektet og er å betrakte som ein del av Prospektet.

Grunnprospektet er underlagt norsk lov, såfram ikkje anna er uttrykkeleg uttalt. Ueinigheit knytt til Grunnprospektet skal bli løyst ved norsk rett.

Distribusjon av Grunnprospektet kan vere avgrensa ved lov i enkelte jurisdiksjonar og dette kan gjelde eksempelvis USA og Storbritannia. Finanstilsynet sin kontroll og godkjenning av Grunnprospektet inneber at dokumentet kan nyttast i einkvar annan EØS-stat. Ut over dette er det ikkje blitt gjort nokon handling for å få løyve til å distribuere Grunnprospektet i nokon jurisdiksjonar der slik handling er påkravd. Einkvar person som mottok Grunnprospektet er pålagt av Selskapet til sjølv å sette seg inn i og overhalde slike restriksjonar.

Dette Grunnprospektet er ikkje eit tilbod om å selje eller ei anmodning om å kjøpe obligasjonar.

Innhaldet i Grunnprospektet er ikkje ei juridisk, økonomisk eller skattemessig rådgjeving. Obligasjonseigarar bør konsultere med eigne juridiske- og/eller økonomiske rådgjevarar og/eller skatterådgjevarar.

Grunnprospektet datert 18. oktober 2021 utgjer saman med Endeleg Vilkår og eventuelle tillegg eit Prospekt. Kopiar av Grunnprospektet kan ein få ved å vende seg til Selskapet eller på [www.sfe.no](http://www.sfe.no)

\* Ord med stor forbokstav som blir nytta i avsnittet Viktig informasjon skal ha betydning som beskrive i avsnittet "Definisjonar"

## Innhald

1	Risikofaktorar .....	4
2	Ansvarlege og godkjenningar frå autorisert myndigheit.....	8
3	Definisjonar .....	9
4	Revisor .....	10
5	Opplysningar om utstedar.....	11
6	Organisasjonsstruktur .....	12
7	Oversikt over forretningsområder .....	14
8	Informasjon om trendar .....	16
9	Styre, leiing og tilsynsorgan.....	17
10	Større aksjonærar.....	19
11	Opplysningar om utstedar sine aktiva og passiva, finansielle stilling og resultat .....	21
12	Vesentlege kontraktar .....	22
13	Tilgjengelege dokument .....	22
14	Finansielle instrument som kan utstedes under Grunnprospektet .....	23
15	Kryssreferanseliste .....	32
16	Vedlegg.....	33

---

## 1 Risikofaktorar

### 1.1 Risikofaktorar relatert til Sogn og Fjordane Energi AS

Investering i obligasjonar utsteda av Sogn og Fjordane Energi AS inneber risiko. Sogn og Fjordane Energi AS er morselskap i konsernet Sogn og Fjordane Energi AS og utsteder obligasjonar for konsernet og er difor eksponert for dei same risikofaktorane som dotterselskapa. Aktivitetane til konsernet Sogn og Fjordane Energi medfører ulike typar risiko; marknadsrisiko (inkludert pris-, volum- valuta- og renterisiko), motparts-/kredittrisiko og likviditetsrisiko. Dersom nokon av nemnde risikomoment faktisk oppstår, så kan Selskapet si verksemd, økonomiske stilling eller driftsresultat bli vesentleg negativt påverka. Faktorane som er beskrivne nedanfor oppsummerer risikoen som Selskapet er kjent med og representerer dei viktigaste risikoane som ligg i det å investere i obligasjonar utsteda av Selskapet. Inntreff nokon av risikofaktorane som er beskrivne nedanfor kan det føre til at Sogn og Fjordane Energi AS ikkje kan betale renter, hovudstol eller andre beløp på eller i samband med obligasjonane.

Styring av risiko følgjer mål og rammer fastsett av styret. Energiprisrisiko og volumrisiko knytt til krafthandel vert styrt av SFE Produksjon medan selskapet Sogn og Fjordane Energi styrer rente, valuta og likviditetsrisiko. Konsernet har avgrensa kredittrisiko. Kredittrisiko vert styrt av det enkelte selskap.

#### Marknadsrisiko

Marknadsrisiko vil i hovudsak vere knytt til volumrisiko, kraftprisrisiko, valutarisiko og renterisiko som i all hovudsak er knytt til forretningsområdet kraftproduksjon. Volum- og kraftprisrisiko er dei risikofaktorane som har størst påverknad på resultatet til selskapet.

#### Kraftpris og volumrisiko:

Konsernet er eksponert mot kraftpris og volumrisiko gjennom vasskraftproduksjon då både framtidig kraftpris og tilsig er ukjent. Det vil normalt vere slik at i periodar med lite nedbør og lite tilsig til vasskraftmagasin så vil produsert kraftvolum bli lågare enn i eit normalår. Dette vil redusere Konsernet si inntening. Låg produksjon som følge av lite nedbør, låg magasinfalling eller andre årsaker kan medføre høgare kraftpris som kan vege opp noko for lågare produksjon. Tilsvarande kan mykje nedbør og gode tilsig medføre høgare produksjon enn i eit normalår men då er det også moglegheit for at kraftprisen blir lågare. Endringar i kraftpris og produsert volum har difor kvar for seg direkte effekt på Konsernet sine kraftinntekter. Samspel mellom pris og volumrisiko kan moderere den samla risikoen og effekten på kraftinntekter og inntening noko.

Kraftprisrisikoen skriv seg frå at sal av fysisk kraft i all hovudsak skjer gjennom NordPool. Spotprisen hos NordPool blir fastset basert på tilbod og etterspørsel i den nordiske og europeiske marknaden. Prisen kan svinge mykje basert på nedbørsmengder, temperatur, snøsmelting, alternativkostnad for fossile energikjelder samt utvekslingskapasitet mellom Norge og resten av marknaden. Konsernet er difor utsett for ein betydeleg risiko ved at framtidig pris ikkje er kjent. Svingningar i spotprisen er difor den enkeltstående faktor som har størst betydning for Konsernet si inntening og finansielle stilling over tid.

Ein andel av forventa kraftproduksjon blir prissikra gjennom finansielle sikringskontrakter som blir handla på Nasdaq. Kraftproduksjonen er prissikra med fallande sikringsgrad utover i tid der ein mindre

andel er sikra utover 2 år. Normalt vil ikkje prissikringsgraden for inneverande år overstige ca 50%. Sikringshorisonten er maks 4 år. Frå og med rekneskapsåret 2021 blir finansielle kraftsikringskontrakter sikringsbokført i samsvar med IFRS rekneskapsstandardar.

Konsernet har også eksponering mot endringar av verkeleg verdi på finansielle forpliktingar og eigardelar knytt til erstatningskraft og andre kontraktar som blir verdsett til verkeleg verdi. Desse forpliktingane utgjer under 10% av normal årsproduksjon.

Vasskraftproduksjonen skjer i 28 heil- og deleigde kraftverk. Dette gir ei veldiversifisert anleggsporsefølje, både med omsyn på meteorologi og hydrologi, og driftsmessige forhold. Dette er med på å redusere volumrisikoen då produksjonen er fordelt på fleire kraftverk der mange av kraftverka har stor magasinkapasitet som gjer at ein kan produsere også i nedbørsfattige periodar.

Konsernet har ein samla middelproduksjon på 1.983 GWh. Størsteparten av dette volumet er utsett for pris og volumrisiko. Finansielle prissikringskontrakter reduserer prisisikoen dei første åra der det er inngått prissikringskontrakter.

**Valutarisiko:**

Konsernet er utsett for valutarisiko ved at alt sal av fysisk kraft over NordPool og alle finansielle avtaler på NASDAQ OMX Commodities vert gjort opp i Euro. Ein endring i valutakursen NOK/EUR har difor direkte konsekvens for Konsernet sine kraftsalsinntekter i NOK. Heile Konsernet sin kraftproduksjon er i utgangspunktet eksponert for endringar i valutakursen. Sidan så godt som heile Konsernet sine inntekter frå produksjon av kraft er prisa og omsett i EUR og må vekslest til NOK, så vil ei styrking av NOK-kursen på 5% mot EUR redusere Konsernet sine kraftinntekter i NOK med 5%. Svekking av NOK-kursen mot EUR gir tilsvarande auke i NOK-inntekter.

Ein andel av forventa kraftinntekter i EUR er valutasikra gjennom sal av EUR på terminkontrakter med fallande sikringsgrad utover i tid. Sikringshorisont for inngåing av nye valutasikringskontrakter er maks 4 år. Konsernet har også lån i EUR som er med på å redusere Konsernet si eksponering mot endringar i EUR/NOK-kursen. Både valutaterminkontrakter og EUR-lån blir sikringsbokført i samsvar med IFRS rekneskapsstandard.

**Renterisiko:**

Rentesvingingar påverkar SFE sin kontantstraum og resultat på fleire måtar. I tillegg til å påverke finanskostnadane påverkar rentesvingingar blant anna inntektsramma for nettverksemda, grunnrenteskatten for produksjonsverksemda og pensjonskostnadane.

Konsernet sin renterisiko er i størst grad knytt til renteberande lånegjeld. I tillegg er konsernet eksponert mot andel av gjeld i tilknytt selskap. Lån med flytande rente medfører ein risiko for auka finanskostnader i resultatrekneskapsrammen.

Inntektsramma blir fastsett av NVE for å sikre nettselskapa rimeleg avkastning på den investerte kapitalen. Avkastninga i inntektsramma blir berekna med utgangspunkt i mellom anna 1,5 % realrente, inflasjon, swap-rente og risikopremie. Driftsinntektene til nettselskapet i kvart enkelt rekneskapsår vil tilsvare selskapet sine tariffinntekter, medan endringar i inntektsramma vil medføre endra tariffinntekter over tid. Dersom rentenivået endrar seg med 1 -prosentpoeng, ville inntektsramma i nettselskapet endra seg med 13,1 millionar kroner etter skatt for 2020. Eigenkapitalen ville blitt endra tilsvarande resultatendringa i det enkelte år.

SFE konsernet har og langsiktige finansielle kraftforpliktingar som vert påverka av endring i rente. Endring i verkeleg verdi på desse forpliktingane vert ført til verkeleg verdi over resultatet.

Dersom rentenivået hadde vore 1 -prosentpoeng høgare på rentebytteavtaler og finansielle forplikningar og eigendelar til verkeleg verdi i norske kroner per 2020 og alle andre variablar var konstant, ville dette ha auka resultat etter skatt med ca. 19,4 millionar kroner.

#### **Kredittrisiko og likviditetsrisiko:**

Kredittrisiko er knytt til risiko for at ein motpart ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine forplikningar. Konsernet påtek seg kredittrisiko ved utlån, distribusjon av kraft (nettleige) og andre transaksjonar der oppgjør skjer seinare enn overføring av eigarskap til vara/objektet. Dersom det skulle oppstå vesentlege tap knytt til ein eller fleire motpartar kan dette medføre svekka resultat for Konsernet.

Likviditetsrisiko inneberer at Selskapet ikkje er i stand til å møte sine løpande finansielle forplikningar til rett tid og kan oppstå når det ikkje er samsvar mellom kontantstraumen frå verksemda og løpetida på dei finansielle forplikningane. Manglande likviditet kan medføre at Konsernet ikkje har midlar til å betale renter eller avdrag til rett tid eller møte andre finansielle forplikningar rettidig.

Konsernet har som målsetting å ha god spreiding på forfallstidspunkt i låneportefølja for å sikre forutsigbarheit ved refinansiering og forfall. Konsernet har i tillegg kommitert kassakreditt og trekkrett på tilsaman 600 millionar kroner som likviditetsreserve.

## **1.2 Risikofaktorar relatert til obligasjonslån**

### **Rente og kursrisiko**

Kursen på obligasjonane vil svinge i forhold til rente- og kredittmarknaden generelt, marknaden sitt syn på risikoen knytt til obligasjonane og omsettelegheita til obligasjonane i andrehandsmarknaden. Til tross for underliggande positiv utvikling i Utsteder sin forretningsmessige aktivitetar, vil kursen på obligasjonane kunne gå ned uavhengig av dette. Kursrisikoen for et flytande rente lån er knytt til ei endring i marknaden si vurdering av gjeldande kredittmarginpåslag i forhold til obligasjonen sin avtalte marginpåslag over den aktuelle referanserenta på eit gitt tidspunkt. Eit eventuelt auka marginpåslag i forhold til avtalt marginpåslag kan skuldast generelle endringar i marknadstilhøva og/eller selskapsespesifikke forhold. Imidlertid er det normalt slik at marginpåslaget vil bli redusert ettersom gjenværande løpetid for eit lån blir kortare. Generelt vil kursen på obligasjonar falle når marginpåslaget aukar, og stige når marginpåslaget blir redusert.

### **Risiko knytt til endring av benchmarks**

Regulering og reform av "benchmarks" kan ha negativ innverknad på verdien av obligasjonar knytt til slike "benchmarks". Referanserenter som blir ansett å vere "benchmarks" (inkludert NIBOR) er gjenstand for nylege og internasjonale reguleringsveiledningar og forslag til reform. Nokre av desse reformane er allereie effektive, medan andre framleis skal gjennomførast. Desse reformane kan føre til at slike referanserenter fungerer på ein annan måte enn tidlegare, forsvinner helit eller har andre konsekvensar som ikkje kan forutseiast. Einkvar slik konsekvens kan ha ein vesentleg negativ effekt på obligasjonar knytt til eller som refererer til ei slik referanserente.

Benchmarksforordninga kan ha vesentleg innverknad på obligasjonar knytt til eller som refererer til ei referanserente, spesielt dersom metodikken eller andre vilkår i "referanseportefølja" blir endra for å oppfylle krava i benchmarkforskrifta. Slike endringar kan mellom anna ha ein effekt av å redusere, auke eller på annan måte påverke volatiliteten til den publiserte kursen eller nivået for referanserenta.

### **Status og sikkerhet**

Obligasjonane utgjør ei ordinær gjeldsforplikting for Utstedaren som skal ha prioritet framfor ansvarleg kapital, og berre stå tilbake for forpliktingar som ved lov skal dekkast framfor ordinære gjeldsforpliktingar. Obligasjonane skal ha lik prioritet seg imellom. Ved ein eventuell konkurs hos Utstedar vil obligasjonane sin status ha betydning ettersom pantesikra gjeld og gjeld som har prioritet i kraft av lov, vil bli dekkta før dei ordinære gjeldsforpliktingane. Ordinære gjeldsforpliktingar blir imidlertid dekkta før ansvarlege lån og eigenkapital. Obligasjonane er etablert utan særskilt sikkerheit. Generelt sett har obligasjonar utan sikkerheit høgare risiko enn obligasjonar med sikkerheit.

### **Grøne obligasjonar**

Obligasjonane kan vere utsteda som ein «Grøn» obligasjon. Vi presiserer imidlertid at alle risikofaktorar knytt til obligasjonar generelt som er omtala i dette Grunnprospektet også vil gjelde for ein «Grøn» obligasjon.

Sjølv om obligasjonane er utsteda som ein «Grøn» obligasjon er det ingen garantiar for at dei relevante formåla definert under Sogn og Fjordane Energi AS sitt grønne rammeverk oppfyller kvar enkelt investor sine investeringskriterier.

Sogn og Fjordane Energi AS sitt grønne rammeverk har gjennomgått ei uavhengig tredjepartsvurdering av CICERO for å kunne klassifiserast som grønt basert på dei kriterier og dokumentasjonskrav som låg til grunn på tidspunktet for denne vurderinga i mai 2021. I EU sitt forslag til klassifiseringsforordning (EU Taxonomy) for kva investeringar som skal reknast som grønne blir det stilt strengare krav til vasskraft enn til øvrig fornybar energiproduksjon. Det er derfor ein risiko for at investeringar som Sogn og Fjordane Energi AS gjer i vasskraft under det grønne rammeverket, og som er finansiert med grønne obligasjonar, likevel ikkje kan klassifiserast som grønne av investor eller at dette kan påverke prisinga av obligasjonen negativt.

---

## 2 Ansvarlege og godkjenningar frå autorisert myndigheit


### 2.1 Ansvarleg utstedar/selskap

Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 , 6823 Sandane er ansvarleg for innhaldet i dette Grunnprospektet.

### 2.2 Ansvarserklæring


Sogn og Fjordane Energi AS stadfestar at opplysningane i Grunnprospektet så langt Selskapet kjenner til er i samsvar med dei faktiske tilhøve, at det ikkje førekjem utelatingar frå Grunnprospektet som er av ein slik art at dei kan endre Grunnprospektet sitt meiningsinnhald.

Sandane, 18. oktober 2021  
Sogn og Fjordane Energi AS



Johannes Rauboti

Konsernsjef



Martin Holvik

Konserndirektør Økonomi og Finans

### 2.3 Godkjenning av kompetent myndigheit

- Grunnprospektet er godkjent av Finanstilsynet som kompetent myndigheit i samsvar med Regulation (EU) 2017/1129 (Prospektforordningen).
- Finanstilsynet godkjenner berre at Grunnprospektet oppfyller standarden til fullstendigheit, forståelegheit og konsistens som pålagt av Regulation (EU) 2017/1129 (Prospektforordningen).
- Slik godkjenning av Grunnprospektet skal ikkje sjåast på som ei godkjenning av Utstedaren.
- Investorar bør gjere si eiga vurdering av om investering i verdipapira er eigna for investor.



### 3 Definisjonar

Med mindre noko anna framkjem av samanhengen skal ord og uttrykk som er nytta i dette Grunnprospektet ha følgjande betyding:

EUR	Euro
Endeleg Vilkår	Dokument som beskriv obligasjonslån utarbeida som ein del av Prospektet. Det blir utarbeida nye Endeleg Vilkår for kvart nytt obligasjonslån som Selskapet tek opp.
Grunnprospekt	Dette dokumentet datert 18.10.2021
GWh	Gigawatttime – ein million kilowattimar
Låntakar/Utstedar/Selskapet/Sogn og Fjordane Energi/SFE	Sogn og Fjordane Energi AS
NOK	Norske kroner
NVE	Norges vassdrags- og energidirektorat
Prospekt	Grunnprospekt og Endeleg Vilkår og evt. eit Samandrag utgjer til saman eit Prospekt.
Sogn og Fjordane Energi/Konsernet	Selskapet med dotterselskap
TWh	Terrawatttime – ein milliardar kilowattimar
VPS	Verdipapirsentralen
Årsrapport 2020	Selskapet sin årsrapport for 2020 slik denne foreligger på <a href="#">arsmelding-2020.pdf (sfe.no)</a>
Årsrapport 2019	Selskapets årsrapport for 2019 slik denne foreligger på <a href="#">arsmelding-2019.pdf (sfe.no)</a>

## 4 Revisor

### 4.1 Namn og adresse

Selskapet sin revisor har for perioden det er gitt historisk finansiell informasjon i dette Grunnprospektet vore:

<b>2020:</b>	<b>2019:</b>
Ernst & Young AS Dronning Eufemias gate 6A, 0191 Oslo	Deloitte AS Strandvegen 15, 6900 Florø
Foretaksregistrert: NO 976389387 MVA	Foretaksregistrert: NO 980211282 MVA
Telefon: +47 24 00 24 00	Telefon: +47 57 75 25 25
Link: <a href="http://www.ey.no">www.ey.no</a>	Link: <a href="http://www.deloitte.no">www.deloitte.no</a>
Statsautorisert revisor Finn Espen Sellæg har signert «Melding frå revisor» for 2020. EY er medlem av Den norske Revisorforening.	Statsautorisert revisor Helge-Roald Johnsen har signert «Melding frå revisor» for 2019. Deloitte er medlem av Den norske Revisorforening.

---

## 5 Opplysningar om utstedar

### 5.1 Selskapsnamn

Selskapet sitt registrerte namn er Sogn og Fjordane Energi AS, det kommersielle namnet er Sogn og Fjordane Energi, eller forkortinga SFE.

### 5.2 Heimstad og registreringsnummer

Utstedar er eit norsk aksjeselskap og underlagt norsk lovgjeving. Den medt relevante lova for Konsernet si verksemd er Aksjelova. Konsernet avlegg konsernrekneskap i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) som er godkjent av EU.

Selskapet si forretnings- og besøksadresse er Sørstrandsvegen 227, 6823 Sandane. Telefonnummer er 57 88 47 00. Utstedar si web-side er: [www.SFE.no](http://www.SFE.no).

Utstedar er registrert i Einingsregisteret i Brønnøysund med organisasjonsnummer 984 882 092. Utstedar sin LEI-kode er: 5967007LIEEXZHIUTS36

Vi gjer merksam på at informasjon på utstedar si web-side ikkje er ein del av Grunnprospektet med mindre det er referert til slik informasjon frå web-sidene i dette Grunnprospektet.

### 5.3 Nærare om selskapet

Selskapet blei stifta 16.09.2002 og registrert i Føretaksregisteret 21.09.2002. Selskapet si historie går imidlertid tilbake til 1968 då selskapet Sogn og Fjordane Kraftverk blei skipa. Dagens SFE er eit resultat av seinare fusjonar og restruktureringar.

Pr. 31.12.2020 har konsernet 241 tilsette, herav 39 i morselskapet.

Selskapet har slikt vedtektsfesta formål (§3 i vedtektene):

- Selskapet sitt føremål er produksjon, omsetning og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette.
- Verksemda kan også drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre selskap med tilsvarande formål.
- Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap når dette er eigna til å styrke hovudføremålet eller fører til meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.
- Selskapet skal drivast på forretningsmessig basis med vekt på langsiktig verdiskaping for eigarane.

### 5.4 Selskapet si finansiering

Det er ingen nylege hendingar knytt til Utstedar som i vesentleg grad er relevant ved vurdering av Utstedar sin solvens.

Det er ingen vesentlege endringar i Utstedar sin låne- og funding struktur sidan sist avlagte rekneskap.

Konsernet sine aktivitetar blir finansiert gjennom eigen kontantstraum og gjeldsfinansiering frå ein diversifisert base av fundingkjelder. Styret fastset årleg rammer for finansiering.


## 6 Organisasjonsstruktur

### 6.1 Beskriving av konsernstrukturen

Sogn og Fjordane Energi AS er morselskap i Konsernet og utøver eigarrolla i heil- og deleigde dotterselskap og leverer administrative fellestenester til dotterselskapa.

Sogn og Fjordane Energi er organisert med to heileigde dotterselskap som speglar konsernet sine forretningsområde/kjerneverksemd og verdiskaping: SFE Produksjon AS (kraftproduksjon) og Linja AS (nett). Eit tredje dotterselskap, SFE Kraft AS (straumsal) blei i 2020 slått saman med tilsvarende straumsalsaktivitetar i selskapa Tafjord, Tussa og Sognekraft. Det nye sluttbrukselskapet med namnet Wattn er etablert og lansert i 2021. SFE har 27,5% eigarskap i dette nye selskapet.

Dotterselskapa og fellestenestene i morselskapet blir leia av konserndirektørar, som saman med konsernsjefen utgjer konsernleiinga.



### 6.2 Samspel mellom einingar i Konsernet

Sogn og Fjordane Energi AS er morselskap i Konsernet og mottek konsernbidrag frå sine dotterselskap.

Morselskapet fungerer som konsernbank og står for finansiering av konsernet. Morselskapet har langsiktige fordringar på konsernselskap og mottek renter på desse.

Morselskapet står for den overordna eigarstyringa av konsernet sine dotterselskap. Eigarstyringa er operasjonalisert gjennom styra i kvart enkelt dotterselskap innanfor rammene av vedtekte konsernstrategiar og policyar.

Administrative fellestenester som inkluderer rekneskap, IKT, HR, HMS, kommunikasjon, innkjøp og eigedom blir utført av morselskapet i samsvar med tenesteavtaler med dotterselskapa. Leverte tenester blir fakturert i samsvar uttak av tenester. Eigarkostnader og enkelte felleskostnader blir dekket av morselskapet.

Sogn og Fjordane Energi AS er såleis avhengig av resultatet av drifta i sine dotterselskap.

---

## 7 Oversikt over forretningsområder

### 7.1 Hovudverksemd

Sogn og Fjordane Energi si organisering med to heileigde dotterselskap speglar konsernet sine hovudforretningsområder og kjerneverksemd, SFE Produksjon AS (kraftproduksjon) og Linja AS (nett).

#### **Kraftproduksjon (SFE Produksjon AS)**

SFE Produksjon AS står for teknisk drift og vedlikehald av SFE Produksjon AS og det heileigde dotterselskapet Firdakraft AS sine 16 kraftstasjonar (18 aggregat) og Svelgen Kraft AS sine 6 kraftstasjonar (8 aggregat).

SFE Produksjon eig alle aksjane i selskapet Firdakraft AS som er eit reint produksjonsselskap. SFE Produksjon AS eig 58% av Østerbø Kraftverk som blei ferdigstilt i 2020 (165 GWh – Høyanger kommune), 56% av aksjane i Svelgen Kraft Holding AS (Gloppen), 30% av aksjane i Gloppen Energi AS (Gloppen) og 30% av aksjane i Innvik Kraftverk AS (Stryn). Firdakraft AS eig 30 % av Fossheim Kraftverk AS (Jølster).

SFE Produksjon AS eig alle aksjane i vindkraftselskapet Lutelandet Energipark AS (55 MW) som kjem i produksjon mot slutten av 2021. SFE Produksjon eig også alle aksjane i Bremangerlandet Vindpark AS (80 MW). Det er imidlertid ikkje fatta investeringsvedtak for dette prosjektet. SFE Produksjon AS eig 11,36 % av aksjane i Falck Renewables Vind AS, som har Hennøy Vindpark (47 MW) i produksjon og Okla Vindpark (21 MW) under bygging.

I SFE Produksjon konsern vart det i 2020 produsert 2 100 GWh mot 1 668 GWh i 2019. Den årlege middelproduksjonen er på 1 983 GWh.

SFE arbeider kontinuerleg med å få fram ny produksjonskapasitet innan vasskraft. Jølstra kraftverk (260 GWh – Jølster kommune) er under utbygging saman med BKK med ferdigstilling i 2021. Selskapet har konsesjon for bygging av Litlevatnet småkraftverk (19 GWh – Flora kommune), Ommedal kraftverk (19 GWh – Gloppen kommune) og Bredvatn kraftverk i Åskåravassdraget (ca. 65 GWh netto ny kraft – Bremanger kommune) samt løyve til å bygge Insteelvane kraftverk i Øksenelvane (13 GWh ny kraft – Bremanger). I samarbeid med Stranda Energi AS har ein konsesjon for Hauge kraftverk (ca. 15 GWh - Stranda kommune).

I tillegg til drift og vedlikehald av eksisterande kraftproduksjon, og utvikling av nye prosjekt, har SFE Produksjon eit handelsbord som utøver fysisk og finansiell krafthandel for selskapet. Handelsbordet er ansvarlege for sal av Konsernet sin fysiske kraftproduksjon gjennom NordPool og optimalisere verdiane av Konsernet sine vassressursar, dvs magasinbeholdning og tilsig. Handelsbordet er også ansvarlege for prissikring av Konsernet sin forventa kraftproduksjon gjennom inngåing av finansielle sikringskontrakter som blir handla på Nasdaq. All sikring blir gjennomført i samsvar med etablert sikringsstrategi og policy.

## **Nett (LINJA AS)**

LINJA AS har ansvar for overføring av elektrisk energi og bygger ut, driftar og eig både regionalt distribusjonsnett og distribusjonsnett i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord.

LINJA AS har om lag 24 000 nettkundar i sitt konsesjonsområde: Kommunane Askvoll, Kinn, Bremanger, Stad, Gloppen og deler av Sunnfjord. Kraftforbruket i konsesjonsområdet var på 698 GWh i 2020.

LINJA AS er av NVE gitt rolla som utgreiingsansvarleg for kraftsystemet i Sogn og Fjordane. LINJA AS har også KDS-funksjonen (Kraftforsyningens distriktssjef) for Sogn og Fjordane, som inneber koordinering av dei andre KBO-einingane i beredskapssamanheng.

LINJA AS har også ekstern entreprenøraktivitet, og tilbyr innanfor eksisterande kjernekompetanse tenester til bedriftsmarknaden og kommunar i området.

LINJA AS eig og bygg ut breibandsnett i regionen. Konsernet er medeigar i breibandselskapet Enivest AS og LINJA AS har eit nært samarbeid med dette selskapet med utleige av fiber.

Som for andre nettselskap er DLE (det lokale eltilsyn) ein del av verksemda. Det formelle DLE-ansvaret ligg i LINJA AS. LINJA AS kjøper kontrolltenester frå eksterne selskap p.t er dette kjøpt frå selskapet BKK Elsikkerhet AS.

Det er behov for framleis store investeringar i regionalt distribusjonsnett og distribusjonsnettet dei første åra. Ein viktig grunn til dette er ny vasskraft og vindkraft som er under planlegging og realisering. Men også eit aldrande regionalnett og industriell vekst krev auka nettinvesteringar.

## **Andre forretningsområder**

Andre forretningsområder utanom kjerneverksemdene kraftproduksjon og nett utgjer ein vesentleg mindre andel av konsernet sin aktivitet og verdiskaping. Dei to største forretningsområda målt i verdi og verdiskaping utanom kjerneverksemda er sal av straum til hushaldningar og offentlege og private bedrifter. Denne aktiviteten ligg i selskapet Wattn der SFE har ein eigarandel på 27,5%. Den andre aktiviteten som representerer ein vesentleg verdi er breiband og fiber som er organisert i selskapet Enivest AS der SFE eig 38,74%.

SFE endra i 2020 sin visjon til «Vi skapar den fornybare framtida» noko som i selskapet sin strategiplan er konkretisert gjennom auka satsing på fornybar-næringar. Dette inkluderer mellom anna satsingar innan elektrifisering, landstraum og hydrogen. Mykje av dette er aktivitetar som er i oppstartsfasen og utgjer førebels ikkje noko vesentleg økonomisk aktivitet men vi ventar vekst på dette området dei komande åra.

## **8 Informasjon om trendar**

### **8.1 Negativ erklæring**

Det har ikkje funne stad vesentlege negative endringar i Utstedar sine framtidsutsikter etter sist offentleggjorde reviderte rekneskap.

Det har ikkje funne stad noko vesentleg endring i Konsernet sine økonomiske resultat sidan utløpet av siste rekneskapsperiode som det er offentleggjort delårsinformasjon for.

### **8.2 Informasjon om kjende trendar**

SFE produserte 2.100 GWh i 2020. Det er venta at årsproduksjonen for 2021 vert om lag like stor. Forventa kraftpris for 2. halvår er høgare enn kraftprisen vi hadde i 1. halvår på 35,9 øre/kWh (Områdepris NO3, Midt-Norge). Våre salskontrakter vert avrekna mot systempris, som store deler av 2021 har vore vesentleg høgare enn lokal områdepris. Dette gjer at SFE sitt resultat for 2021 ikkje fullt ut vil reflektere den høge prisen for 2021 sidan vi får ein kostnad med at vår produksjon og våre sikringskontrakter vert verdsett ut frå forskjellig pris.



## 9 Styre, leing og tilsynsorgan

### 9.1 Personopplysningar

#### Styret

Styret i Selskapet består av følgjande personer:

Namn	Stilling	Forretningsadresse
Sigurd Reksnes	Styreleiar	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6823 Sandane
Jannicke Hilland	Nestleiar	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6823 Sandane
Henrik Oppen	Styremedlem	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6823 Sandane
Olin Johanne Henden	Styremedlem	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6823 Sandane
Arvid Andenæs	Styremedlem	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6823 Sandane
Jan Helge Dale	Styremedlem	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6823 Sandane
Kevin Skinlo-Denton	Tilset representant	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6823 Sandane
Kjell Asle Bakkebø	Tilset representant	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6823 Sandane
Erling Austreim	Tilset representant	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6823 Sandane

#### Leing

Leiinga til Selskapet består av følgjande personar:

Namn	Stilling	Forretningsadresse
Johannes Rauboti	Konsernsjef	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6827 Sandane
Ola Lingaas	Konserndirektør produksjon	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6827 Sandane
Asgeir Aase	Konserndirektør nett	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6827 Sandane
Martin Holvik	Konserndirektør økonomi- og finans	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6827 Sandane
Ole Bent Søreide	Konserndirektør HR og organisasjon	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6827 Sandane
Jannicke Lindvik	Konserndirektør kommunikasjon	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6827 Sandane
Bjarte Lofsnes Hauge	Konserndirektør IKT og digitalisering	Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227 6827 Sandane

**Johannes Rauboti** (f. 1958)

Stilling: Konsernsjef

Utdanning: Sivilingeniør elkraftteknikk og pedagogisk utdanning for sivilingeniører, NTH.

Bedriftsøkonomistudiet, BI Porsgrunn.

**Martin Holvik** (f. 1966)

Stilling: Konserndirektør økonomi og finans

Utdanning: Siviløkonom, Siviløkonomutdanninga i Bodø/Universitetet i Nordland

**Ola Lingaas** (f. 1955)

Stilling: Konserndirektør produksjon

Utdanning: Cand Agric, Norges Landbrukshøgskule (no NMBU - Norges Miljø- og Biovitenskaplige Universitet), Studieretning Naturforvaltning, standard studieplan Ressursøkonomi.

**Asgeir Aase** (f. 1956)

Stilling: Konserndirektør nett

Utdanning: Ingeniør svakstrøm frå Gjøvik ingeniørhøgskule og Siv.Ing./MSc energiteknikk/elkraft frå Norges Tekniske Høgskule

**Ole-Bent Søreide** (f. 1961)

Stilling: Konserndirektør HR og organisasjon

Utdanning: Elektrofag frå Møre og Romsdal Ingeniørhøgskole, høgskule påbygg HMS/Kvalitet og økonomi/administrasjon frå Horten Ingeniørskole/Tønsberg Maritime Høgskule, to Master of management-program innan leiing frå Handelshøgskulen BI.

**Jannicke Lindvik** (f. 1979)

Stilling: Konserndirektør kommunikasjon

Utdanning: Bachelor i "Markedsføring, internasjonalisering og ledelse" frå Høgskolen i Østfold/ BI Bergen, «PR-ledelse og strategisk kommunikasjon» frå BI Oslo.

**Bjarte Lofsnes Hauge** (f. 1986)

Stilling: Konserndirektør IKT og digitalisering

Utdanning: MSc i fysikk med spesialisering i målevitskap og instrumentering, Universitetet i Bergen.

## 9.2 Styre og leiing – interessekonflikter

Nestleiar i styret Jannicke Hilland er tilsett i BKK (no Eviny) som eig 36,8% av Sogn og Fjordane Energi.

Det føreligg ingen interessekonflikter mellom dei forpliktingar personane nemnt over i punkt 9.1. har overfor Sogn og Fjordane Energi AS, og deira private interesser og/eller andre forpliktingar.

## 10 Større aksjonærer

### 10.1 Eigarforhold

Selskapet sin aksjekapital består av 7 745 899 aksjar kvar pålydende kr 100,-. Av desse er 5 163 931 A-aksjar og 2 581 968 er B- aksjar.

A-aksjane kan berre eigast av aktørar som kan definerast som offentlege etter industrikonsesjonslova. Forøvrig er det ingen skilnader mellom A og B-aksjane.

Det føreligg ei aksjonæravtale mellom aksjonærane i selskapet, som regulerer forholdet mellom aksjonærane med omsyn til organisering av konsernet, styresamansetning og forkjøpsrett.

Aksjonærane i SFE legg vekt på ein stabil og forutseieleg utbyttepolitikk. For å styrke selskapet og gjere SFE betre i stand til å gjennomføre investeringar i ny fornybar energi har styret i samråd med eigarane kome fram til ein utbyttepolitikk som tek omsyn til selskapet sine investeringar.

Utbyttepolitikken tek utgangspunkt i morselskapet sitt resultat etter skatt, investeringane det enkelte år og storleiken på ordinære årlege avskrivningar.

Framtidig utbytte vil bli berekna slik som dette:

$$\begin{aligned} & \text{Morselskapet sitt resultat etter skatt} \times 90\% \\ & - \text{(Årets investeringar – Årets ordinære avskrivningar)} \times 30\% \\ & = \text{Årets utbytte} \end{aligned}$$

For å sikre tilstrekkeleg stabilitet i utbytte for selskapet sine eigarar, er utgangspunktet at det årlege utbytte vert på minimum 75 mill. kroner, dersom styret finn dette tilrådeleg etter ei samla vurdering av selskapet sin likviditet og soliditet.

For rekneskapsåret 2020 er det gjort vedtak om utbetaling av eit utbytte på 75 millionar kroner noko som er i samsvar med selskapet sin utbyttepolitikk.

Aksjonærer	A-Aksjar	B-Aksjar	Sum aksjar	Sum pålydande	Eigar-del
Sogn og Fjordane Holding AS	2 556 604	1 278 300	3 834 904	383 490 400	49,51 %
BKK AS	1 900 275	950 138	2 850 413	285 041 300	36,80 %
Kinn kommune	239 537	119 769	359 306	35 930 600	4,64 %
Gloppen kommune	178 385	89 192	267 577	26 757 700	3,45 %
Bremanger Eigedom AS	127 495	63 748	191 243	19 124 300	2,47 %
Askvoll kommune	76 314	38 157	114 471	11 447 100	1,48 %
Stad kommune	81 347	40 676	122 023	12 202 300	1,58 %
Sunnfjord kommune	3 974	1 988	5 962	596 200	0,08 %
<b>Totalt</b>	<b>5 163 931</b>	<b>2 581 968</b>	<b>7 745 899</b>	<b>774 589 900</b>	

Sogn og Fjordane Holding er eigd 80% av primærkommunane i tidlegare Sogn og Fjordane fylke. Dei resterande 20% av aksjane er eigd av det nye Vestland fylke. Det er 2 aksjeklassar i selskapet der Vestland fylke eig A-aksjane og stemmer for 51% av aksjane i selskapet medan primærkommunane eig B-aksjane og stemmer for 49% av aksjane i selskapet.

Bremanger Eigedom AS er 100% eigd av Bremanger kommune.

## 11 Opplysingar om utstedar sine aktiva og passiva, finansielle stilling og resultat

### 11.1 Historisk og revidert finansiell informasjon

Sogn og Fjordane Energi AS avlegg konsernrekneskap i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS), som er utgitt av International Accounting Standards Board (IASB) og godkjent av den europeiske unionen (EU). Årsrekneskapen til morselskapet og dotterselskapa er avlagt i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk men vert omarbeidd i samsvar med IFRS prinsipp ved konsolidering i konsernrekneskapen. Tilsvarende vert selskapsrekneskapa i tilknyttta selskap omarbeidd til IFRS ved innarbeiding etter eigenkapitalmetoden. Halvårsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IAS 34 om delårsrapportering.

I samsvar med "Regulation (EU) 2017/1129 of the European Parliament and of the Council" kan informasjon i eit prospekt takast inn med henvising. På grunn av kompleksiteten i den historiske finansielle informasjonen tek vi difor inn slik informasjon inkludert notar, ved henvising til [Årsrapport 2020](#) og [Årsrapport 2019](#) samt [Halvårsrapport 30.06.2021](#) og [Halvårsrapport 30.06.2020](#).

Rekneskap for 2020 og 2019 er revidert. Halvårsrekneskap pr 30.06.2021 og 30.06.2020 er kontrollert av revisor i samsvar med ISRE 2410 Forenklet revisorkontroll av et delårsregnskap, utført av foretakets valgte revisor.

	Halvårsrapport 30.06.2021	Årsrapport 2020	Halvårsrapport 30.06.2020	Årsrapport 2019
<b>SFE konsern:</b>				
Resultatrekneskap	Side 7	Side 15	Side 6	Side 14
Balanse	Side 8	Side 16	Side 7	Side 15
Kontantstraumsoppstilling	Side 10	Side 18	Side 9	Side 17
Rekneskapsprinsipp	Side 11	Side 20 (note 1)	Side 10	Side 19 (note 1)
Notar	Side 12	Side 19	Side 11	Side 18
Melding frå revisor	Side 19	Side 96	Side 18	Side 93
<b>SFE morselskap:</b>				
Resultatrekneskap		Side 74		Side 71
Balanse		Side 75		Side 72
Kontantstraumsoppstilling		Side 77		Side 74
Notar		Side 78		Side 75

### 11.2 Retts- og voldgiftssaker

Gulating Lagmannsrett avsa dom 12.06.2017 om at SFE sitt dotterselskap SFE Produksjon AS er eigar av fallrettane i Fesseelva og Trollelva i Askvoll kommune. SFE Produksjon AS plikar likevel å betale vederlag for utnytting av desse fallrettane til grunneigarane. Storleiken på dette vederlaget er ikkje fastsett. Desse fallrettane saman med andre fallrettar i vassdraget vert nytta til kraftproduksjon i Leknesvatn kraftverk som har ein årleg produksjon på 13 GWh. Forhandlingar om storleiken på vederlaget er slutført med oppnådd semje mellom partane sine forhandlingsutval, og er no til godkjenning hos involverte grunneigarar.

SFE Produksjon eig ein andel på 50 % i Jølstra Kraft DA som eig Stakaldefossen kraftverk (ca 66 GWh – i drift) og utbyggingsprosjektet Jølstra kraftverk som er under bygging (ca 200 GWh ny kraft). Det er tvist med Sunnfjord kommune om ansvaret for tilrettelegging / grunnarbeid på område for plassering av tippmassar frå tunneldrifta til kraftverket. Området er planlagt med framtidig bruk som næringsareal. Samla tvistegjenstand er av dimensjon 32 mill NOK. Jølstra Kraft DA har sendt stevning mot Sunnfjord kommune for tingretten i saka.

### **11.3 Vesentlege endringar i utstedar si finansielle eller forretningsmessige stilling**

Det er ikkje oppstått vesentlege endringar i Konsernet si finansielle stilling eller marknadsstilling sidan utgongen av siste rekneskapsperiode som det er offentleggjort revidert finansiell informasjon om.

## **12 Vesentlege kontraktar**

Det føreligg ingen vesentlege kontraktar utover det som inngår i utsteder si normale løpande verksemd, og som kan føre til at eit konsernmedlem påteke seg forpliktingar eller ervervar rettar som påverkar SFE si evne til å utføre sine plikter overfor innehavarane av dei verdipapir som blir utstedt.

## **13 Tilgjengelege dokument**

Dokument som er nemnt under vil i ein periode på tolv månadar rekna frå dato for godkjenning av Grunnprospektet vere tilgjengeleg hos Låntakar, Sogn og Fjordane Energi AS, Sørstrandsvegen 227, 6823 Sandane.

Låntakar kan velje å gjere dokumenta tilgjengeleg elektronisk, helt eller delvis.

- a) Selskapet sitt stiftingsdokument og vedtekter
- b) Rapportar, brev, andre dokument, historisk finansiell informasjon, vurderingar og ekspertuttalelsar som er utarbeida på anmodning frå utstedar, som heilt eller delvis inngår i Grunnprospektet, eller som det vert vist til i Grunnprospektet.

Dokumenta nemnt over er lagt ut på Låntakar si heimeside: <https://www.sfe.no/konsern/om-oss/finans-og-eigarinformasjon/>

---

## 14 Finansielle instrument som kan utstedes under Grunnprospektet

Grunnprospektet, slik det er godkjent etter EU si Prospektforordning 2017/1129, opnar for tilbod om teikning og notering av obligasjonslån.

I dette kapittelet blir det gjort greie for typar av finansielle instrument som kan utstedes under dette Grunnprospektet. Med obligasjonslån meiner vi omsettelege verdipapir som fell inn under Verdipapirhandellova § 2-2.

Det er gjort greie for risikofaktorar i kapittel 1 Risikofaktorar.

### 14.1 Obligasjonsform

Obligasjonane er gjeldsinstrument utsteda av Utstedaren på Emisjonsdatoen i samsvar med den aktuelle Avtale, inkludert eventuelle Tilleggsobligasjonar og eit kvart krav på ubetalt hovudstol som er forfalt og tildelt eige ISIN etter Verdipapirregisteret sine gjeldande reglar til eikvar tid. ISIN vil vere spesifisert i Endeleg Vilkår.

Obligasjonane er elektroniske verdipapir registrert i Verdipapirregisteret, adresse: Verdipapirsentralen ASA (Euronext VPS), Postboks 4, 0051 Oslo. Eventuelle begrensingar i Obligasjonane si frie omsettelegheit vil framkome av Endelege vilkår.

### 14.2 Obligasjonane sine særlege vilkår

#### 14.2.1 Låneavtale og Lovgjeving

Det vil før Emisjonsdato for kvart enkelt obligasjonslån bli inngått ei obligasjonsavtale («Avtala») mellom Utsteder og Tillitsmannen som regulerer rettar og plikter i låneforholdet. Tillitsmannen inngår denne på vegne av obligasjonseigarane og blir også gitt mynde til å opptre på vegne av desse så langt Avtala gir grunnlag for.

Obligasjonseigarane har ved teikning av obligasjonar i Lånet slutta seg til Avtala. Avtala kjem til anvending på eitkvart beløp som blir teikna i Lånet etter inngåing av Avtala. Partane sine rettar og plikter gjeld også for seinare utstedte obligasjonar innanfor angitt ramme.

Tillitsmannen sine oppgåver og mynde er definert i den aktuelle Avtale punkt 8. Informasjon om avgjerder frå obligasjonseigarane og deira sin rett til å stemme på obligasjonseigarmøter vil vere beskrive i den enkelte Avtale punkt 6 og 7.

Avtala er tilgjengeleg for ein kvar og kan fåast ved å vende seg til Utstedar. Den vil i tillegg vere vedlagt Endelege Vilkår.

For obligasjonslån med Tillitsmann er Avtala underlagt og skal tolkast i samsvar med norsk rett. Utstedar er underlagt norsk lovgjeving, den mest relevante lova for Selskapet si verksemd er Aksjelova.

Om verdipapirregisterlova blir endra under Avtala si løpetid og det blir tillate at utstedarar får innsyn i verdipapirsentralen sine register («Nye Verdipapirregisterloven»), godtar Obligasjonseigar at Utstedar får tilgong til informasjonen registrert i VPS relatert til Avtala. Utstedar sin tilgong til informasjon om Obligasjonseigar vil vere avgrensa og regulert av den Nye Verdipapirregisterlova.

#### **14.2.2 Uteståande obligasjonar**

Summen av Pålydande på dei Obligasjonar som (minimum) skal inngå i første Emisjon samt Valuta og Emisjonsdato vil vere spesifisert i Endeleg Vilkår.

Dersom det i Endeleg Vilkår er angitt Maksimal Emisjonsramme, kan Utstedar deretter ved eitt eller fleire høve utstede Tilleggsobligasjonar (kvar slik utstedelse ein «Tilleggsemisjon») fram til det tidspunkt der det samla Pålydande for alle Tilleggsobligasjonar med tillegg av opphavelig Emisjonsbeløp utgjer Maksimal Emisjonsramme

#### **14.2.3 Betaling knytt til Obligasjonane**

Utstedar skal på Forfallsdato innfri Uteståande Obligasjonar til Innfriingskurs som angitt. Forfallsdato og Innfriingskurs vil vere spesifisert i Endeleg Vilkår. Utstedar sin rett til eventuelt førtidig å innløyse Obligasjonar på fastsette tidspunkt vil vere spesifisert i Endeleg Vilkår.

Obligasjonane vil bere enten ei fast rente eller ei flytande rente i lånet si løpetid. Det vil i dei spesifikke Endeleg Vilkår vere spesifisert kva som er gjeldande. Utstedar skal betale påløpne Obligasjonsrenter til Obligasjonseigarane etterskotsvis på kvar Rentebetalingsdato.

